

Samhandling for evangeliet

Rolf Kjøde, rolf.kjode@nla.no
Lars Dahle, lars.dahle@nla.no

Eit stikkord for den fjerde verdskongressen for misjon (L4) i den internasjonale Lausannerørsla i Sør-Korea i september 2024 var det engelske *collaboration*. Ordet skil seg litt frå eit ord som vi kanskje er meir fortrulege med, *cooperation*. Det siste vel vi å omsette med «samarbeid», det første med «samhandling». Når vi samarbeider er vi eitt hakk meir sjølvstendige og står litt meir overfor kvarandre. Når vi samhandlar står vi litt tettare med eit felles eigarskap for saman å oppnå eit felles mål.

Kanskje samarbeid er eitt hakk meir individuelt og vestleg og samhandling eitt hakk meir kollektivt og sørleg i valøren. Den store majoriteten av deltakarane i den globale samlinga i Seoul/Incheon var afrikanske, asiatiske og latin-amerikanske kristne. I så fall kan samhandling vere eit dekkande ord for det som samlinga ville sikte mot. Er vestlege kyrkjer og misjonsrørsler innstilt på det? «Kven si samhandling og kven sine prioriteringar?» spurte missiologen Kang-San Tan frå Malaysia etter kongressen, med ei uro for at dei globale maktstrukturane i kyrkje og misjon framleis lett vil følgje pengane.

Dette nummeret av *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap* samlar i hovudsak artiklar frå fagfolk som faktisk var delegatar til kongressen i Seoul. I arbeidet med temanummeret har vi prøvd å ha eit medvit knytt til det. Ja, forfattarane skriv på mange måtar frå innsida. Det har ein vesentleg styrke ved at vi gjennom personleg erfaring har fått godt høve til å bli fortrulege med det stoffet vi har forska på.

Samtidig har vi pusha kvarandre til å vere det som på ny nynorsk kallast «critical insiders». Ei avgjerande hjelp til det er sjølv sagt at alle artiklane har vore gjennom dobbelt blind fagfellevurdering. Den prosessen var styrt av ansvarleg tidsskriftredaktør, og ho deltok ikkje på L4. Sånn sett er vi ganske trygge på at prinsippet om armlengdes avstand er tatt godt vare på i den forskinga som blir lagt fram her. Ingen er uansett nøytrale, men då har vi gitt til kjenne kva roller vi har til felles; kritiske forskarar som også er engasjerte deltakarar.

Redaktørane av dette nummerert, Lars Dahle og Rolf Kjøde, skriv den første artikkelen. Den siktar mot å gi ein oversikt over kva Lausannerørsla er og korleis prosessen rundt L4 har vore. Vi set særleg søkelys på korleis heile prosessen har sik-

ta mot å avdekke sprik mellom ideal og røyndom både strategisk og teologisk i det evangeliske misjonsoppdraget, det dokumenta på engelsk gjerne kallar *gaps*. I slutten av dette nummeret har vi også laga ein oversikt over det svært store ressurstilfanget frå Lausannerørsla som ligg til grunn for artiklane i dette nummerert – og med tanke på vidare forskning.

Ingebjørg Nandrup skriv med utgangspunkt i Michael Goheens fire kategoriar om forståinga av misjonens aktørar i Lausannerørsla sine dokument i eit femtiårsperspektiv og korleis dette utfordrar norsk misjons rolle i den globale misjonsrørsla. Leiarane av Lausanne Europa, Usha Reifsneider og Jim Memory, gir ei god innføring i og drøfting av den europeiske responsen på L4 med ei tydeleg utfordring til enda meir å opne seg for den globale kyrkja i eit felles oppdrag.

Frank Ole Thoresen tar for seg eit av dei mest sentrale omgrepa frå dei siste tiåra, at kyrkje og misjon har utvikla seg frå å vere vestleg i maktbasen sin til å bli polysentrisk. Han drøftar dette omgrepet kritisk og utfordrar spesifikt på forståing av den vestlege misjonærrolla i det nye paradigmet. Stian Sørli Eriksen utfyller dette ved å fokusere på korleis migrasjon kan vere ein ressurs for misjonal samhandling. Med utgangspunkt i demografiske endringar og migrasjonsteori drøftar han det omfattande misjonsstrategiske arbeidet med dette i Lausannerørsla.

Lausannerørsla har sidan starten hatt ei innebygd spenning mellom misjon som forkynning/proklamasjon og misjon som sosial handling. Mirjam Syltebø Endalew går i sin artikkel inn på desse problemstillingane slik ho les dei i alt som knyter seg til L4 og gir nokre viktige utfordringar til status og vegen vidare. Til slutt skriv Margunn Serigstad Dahle og Lars Dahle ein artikkel om born, unge og yngre leiarar. Born og unge som misjonale fokusområde var det taust om i Lausannerørsla sine dokument dei første tretti åra, men no er dette blitt eit satsingsområde.

I tillegg til artiklane knytt til L4 har dette nummeret også med ein studie av ulike misjonsforståingar i Den norske kyrkja slik det kjem til uttrykk gjennom aktørar i «Samarbeid Menighet og Misjon». Sjølv om dette ikkje har direkte berøring med Lausannerørsla, tematiserer likevel artikkelen noko av det som er hovudsaka frå L4, samhandling. Eller er SMM primært samarbeid?

God lesing!

Rolf Kjøde, førstelektor, NLA og Lars Dahle, professor, NLA
Gjesteredaktører